

ÅRSMELDING 2025

I 2025 har styret bestått av Jon G. Bondhus (leiar), Jarle Øvrehus, Ottar Eide (kasserer), Aksel Smuk Bakke og Annette Furuberg. Det har vore fem styremøte dette året, alle fysiske.

Det har vore generelt god utleie av lokale, og volleyballgjengen har hatt treningar. Tur-nemda er som alltid aktive og har gjort ein kjempejobb. Sjå årsmelding.

Kjøkkennemda har stått på med å rydde og lage eit godt system på bygdekjøkkenet. No er det veldig lett å halde orden for alle som ikkje er veldig kjent på kjøkkenet. Stor applaus til Guro og Sunniva. Bygdalaget har også investert i eit nytt Storkjøken -kjøleskap då det gamle tok kvelden. Så nå framstår Bygdakjøkkenet komplett for utleie att.

Me har også hatt gåande to gartnarar i Vigdis og Randi, som har trimma buskar og luka uteområdet slik at det framstår respektabelt til ein kvar tid. Stor takk også til dei.

I mars arrangerte me Sundalssøndag i samarbeid med Hardanger spillfestival. Veldig vellukka og mange gode attendemeldingar på dette arrangementet. Dette vil bli vidareført. Årsmøtet vart i fjor som i år gjennomført i samband med spillfestivalen.

17.mai vart gjennomført som eit ettermiddagsarrangement, for tredje år, og det ser ut som det er ei god løysing.

I oktober var det TV-aksjon, og bygdalaget gikk med bøsser som vanleg. Det var ein god søndagstur.

I desember var det ei flott julegrantenning, med godt oppmøte. Styret fiksa ein del på dei gamle lysa som er, men det må absolutt kjøpast inn nye.

Det blei søkt om midlar til varmpumper i samfunnshuset, og det blei innvilget med 80 000,-. Varmepumper er montert og det gjer ein mykje jamnare varme og strømutgiftene bør gå ned. Bygdalaget har også fått 80 000,- i støtte til trivselstiltak i dei forskjellige bygdene, og det er opp til dei respektive grendalaga kva dei vil bruke pengane på.

Barnehagen har fått endo meir oppgradering, med nytt kjøken. Det har også vorte malt i barnehagen og hengt opp liftgardiner, og generell fin oppgradering. Barnehagen har vore utleigd/lånt ut til forskjellige møter/arrangement, og det passar ypperleg til det. Styret har sine styremøter der også. Gongen inn mot samfunnshuset/gymsalen er også blitt malt og pussa opp, all honnør til Jon G. og Stine for det arbeidet. Bomberom og kontor i barnehagen er delvis rydda, men det trengs meir arbeid.

Bygdalaget har fått litt driftsmidlar i støtte frå kommunen, og styret fortsetter å søke om midlar til utbedringar og drift av bygget. Dog er det litt stans i aktiviteten, da bygdalaget venter på kva som skjer i forbindelse med reguleringsplanen. Før vi gjer altfor mykje dugnad må vi vere sikre på at bygdalaget skal overta og drifta bygningsmassar og tomt. Ei eventuell overtaking av skulebygget er sett på vent etter ynskje frå kommunen. Reguleringsplanen for

området skal vere vedteken før dette arbeidet går vidare. Styret ser føre seg å kalle inn til ekstraordinært årsmøte/generalforsamling dersom når den tid kjem.

I tilknytning til utbetring av krysset opp mot Samfunnshuset, forsvann det einaste busskuret i Sundal i retning Odda. Styret har jobba for at busskuret må komme på plass att. Nå ser det ut som det ordnar seg og at det kjem busstur på begge sider av vegen i Sundal sentrum.